



Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/636 - 19/6027

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

15.03.2019

## Søknad om bygging av landbruksveg - Jordeveg på Gbnr. 30/2 Hestdal i Meland kommune

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 55 meter i vegklasse 7 og opprusting av ca. 45 meter til vegklasse 7.  
Gbnr: 30/2

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 05.04.19

Meland kommune har motteke søknad frå Jørgen Olsvoll om å få byggje ein landbruksveg og rusta opp ein traktorveg på Hestdal. Det vert søkt om å få byggje ein traktorveg i vegklasse 7 på ca. 55 meter og rusta opp ein eldre jordveg til traktorvegklasse 7 i ca. 45 meter. Den nye vegen skal vere tilkomstveg til jordbruksareal og eksisterande veg er tilkomst til eit nærliggande jordbruksareal.

I samband med at Meland kommune skal utbetra/utvida kommunal veg, må den eksisterande tilkomsten til areala stengast. Det er difor trong for ein ny tilkomstveg til areala, i same området er ein eksisterande landbruksveg som går til naboarealet. Det er trong for å rusta opp denne til ein betre standard. Både ny veg og opprusting har 100 % landbruksformål, og det er kunn jordbruksinteresser for begge strekkingar. God vegtilkomst vil gjere skjøtsel, drift og tilsyn av areal enklare i nedbørsrike periodar der barmarkskjøring vil gje skader på innmark. Vidare er ein vegar viktige tiltak for å kunne forvalta og driva landbruksareala på ein effektiv måte. Då den eksisterande vegen må stengast er det heilt naudsynt med ein ny tilkomst inn på arealet for å kunne nytta dei i landbruksdrifta på bruket.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3 - 1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei ut talar som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Vedlagt følgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om bygging av landbruksveg  
Kart

**Kopi til:**

Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280 5919

FREKHAUG

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune - kultur  
og idrettsavdelinga  
Meland kommune kulturavdelinga  
v/ Eirik Bouwer Utne

Postboks 7900

5020

BERGEN